# *INSPIRASJONSHELG FOR LANDBRUKSINTERESSERT UNGDOM I NORDFJORD !*

## *Landbruksinteressert ungdom i Stryn, inviterar alle likesinna til ei inspirasjonshelg 12.-13. september 2015!*

Denne helga får du sjansen til å reise rundt i Nordfjord og Sunnfjord og møte dyktige og engasjerte bønder, med framtidstru og satsingsvilje.

I tillegg får de møte **TOR JAKOB SOLBERG ÅRETS UNGE BONDE 2014!** Tor Jakob kjem og vert med oss på rundturen. Han er ein inspirerande og fargerik person som vil dele sine erfaringar med oss i eit foredrag laurdag kveld.

Tor Jacob Solberg kåret til «Årets unge bonde»

**Tor Jacob Solberg fikk sine to første kyr på krita av foreldrene.**

**Lørdag ble han kåret til Årets unge bonde 2014.**
**– Jeg hadde ingenting**
21 år gammel, blakk og arbeidsledig etter studier og utenlandsopphold. Han var odelsgutten som bare var middels interessert i å ta over familiens gård i Ski. I stedet endte han opp i Østfold som innovativ og kreativ bonde som lever godt av yrket på heltid. Det hele snudde på New Zealand.

(Klipp frå Nationen og Nrk)

Målgruppa for turen er ungdom frå 15 og oppover. Er du nyskjerrig på om bondeyrket er noko for deg, bli med!

**OPPMØTE 12. SEPTEMBER KL 08.30 VED STRYN STADION**

Du kan og hoppe på undervegs langs ruta.

Bussavgang kl 09.00 med kurs for Eid og fyrste stopp hjå **Knut Tore Nes Hjelle:**

## Moderne fjøsar skal gjere sauebondeyrket attraktivt

Moderne fjøsar som fôrar sauene meir eller mindre automatisk skal lokke fleire til å satse på sauer. Sauekjøtet er svært ettertrakta og mangelen er i dag stor

FLEKSIBEL: Sauebonde Knut Tore Nes Hjelle seier han får meir tid til familien når han ikkje lenger er så knytt opp til fjøstidene. Her med minstemann Severin.

Foto: Stine Kyrkjebø Johansen / NRK

Norsk Landbruksrådgiving i Sogn og Fjordane går i bresjen for eit pilotprosjekt dei har kalla «Sau i pluss». Dette er eit treårig prosjekt med mål om å stogge nedgangen i sauetalet i fylket og stabilisere det på eit tal på 75.000 sau.

Gjennom fokus på tekniske løysingar og fornying av hus til sau skal sauehaldet styrkast.

Prosjektleiar for Sau i pluss Arve Arnstein vert med på Hjelle

**Avgang Hjelle kl 11.15**

**Ankomst Bjørhovde kl 11.45** hjå **Bjarne Smørdal**

.

Bjarne driv eit bruk som både er eit kombinasjonsbruk og eit familiebruk. Her er både sau, storfe og høner.

Vi skal på¨dette besøket fyrst og fremt sjå på eggproduksjonen, men får vi tid svingar vi innom dei andre produksjonane og!

**Avgang** Bjørhovde kl 13.30

slik at vi rekk ferge på **Lote** kl.14.00.

**Ankomst Hauge i Gloppen kl. 14.30** og besøk hjå **Fjordane Gardspresseri** ved **Synnøve Vik Berstad og Jahn Vestby:**

# Vil sprite opp gardslivet

## Fant formelen for å ta over garden i Gloppen

Vi held til på Hauge, ein liten plass på Sandane i Gloppen kommune i Nordfjord.
Garden driv med epledyrking, frukt og bærpressing samt brennevin, likør og ciderproduksjon (Gardsbrenneriet). Vi tilbyr og leigepressing for private og andre produsentar.

TOK STEGET: Jann Vestby flytte frå Oslo til idylliske Gloppen for å bli fruktbonde

.

(utklipp frå Bondebladet og heimesida til Fjordane gardspresseri)

**LUNCH** i Gloppen området og vi plukkar opp Tor Jakob på flyplassen.

**Ankomst** Byrkjelo kl 16.30 og besøk hjå: **JAN ERIK FLØTRE**

# Framtidsretta satsing på mjølk og kjøtproduksjon

På Fløtre driv Jan Erik og Vivian  med kjøtproduksjon i moderne lokalitetar og med fokus på effektiv drift som samtidig gir trivsel i fjøset. Resultatet er god kjøtkvalitet og tilfredstillande økonomi.



Jo Helge  Sunde vert med på Fløtre for å informere om måten ein går fram på når bonden tek kontakt for å få hjelp til ei evt. utbygging på garden.

**Avgang Fløtre** kl 17.45

**Ankomst** kl 18.00 på **SKEI HOTELL**

Her vert vi innkvarterte i gode dobbeltrom og vi slappar av litt,

før vi samlar oss til ein livlig presentasjon ved

**Tor Jakob Solberg!**

I tilknyttning til foredraget, håpar vi på å få til ein diskusjon i salen om kva som må til for at ungdom skal gå inn i landbruksnæringa.

I tillegg vil representantar frå **Mo og Øyrane Vidaregåande** skule vere tilstades og presentere deira tilbod for utdanning innanfor landbruksfag.

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
Mo og Øyrane vidaregåande skule

**Kvelden** vidare brukar vi til å ha det triveleg ilag!

**Søndag 13. september** startar med frukost på hotellet før vi pakkar oss i bussen og er klar for **avgang kl 10.00.**

Då set vi kursen inn Kjøsnesfjorden til Søgnesand og besøkjer **Hilde og Ragvald Søgnesand:**

# Geitebønder på Søgnesand vart Årets Matprodusentar

Hilde og Ragnvald Søgnesand frå Jølster vart kåra til årets matprodusentar i Sogn og Fjordane i 2014.

Dei to bøndene er busette på Søgnesand og driv med mjølkeproduksjon på geit. I tillegg er Hilde også engasjert i Jølster bakst SA som har bakeri lokalisert på garden.

(Klipp frå Firda Tidend 2. nov. 2014)

**Avgang** Søgnesand kl. 11.45

**Ankomst** Hage i Utvik kl 12.45 og besøk hjå **Lidvin og Karl Wilhelm Hage:**

## - Det er livet mitt-

(utklipp frå Bondelaget sine heimesider)

Lidvin Hage er bonde og glad for det. Lidvin Hage og nokre av grisane hans.

- Det er viktig for meg å vera bonde. Det er yrket mitt og det er livet mitt, fortel Lidvin Hage.

- Eg har alltid vore interessert i gardsdrift. Då eg var liten var eg med å jobba her, så det var naturleg for meg å overta.

No har eg 130 purker som produserer 260 kull for året, det vert om lag 3200 fødde smågris. Denne produksjonen har eg bygd opp gradvis.*Kva har vore motivasjonen?* – Å produsere mat, det er levebrødet mitt.

**Avgang Utvik** kl 14.15

**Ankomst Stryn** kl **15.00**

Eit langt og innhaldsrikt program som vi håpar vil vere interessant for deg!

Bli med og skaff deg eit nettverk av landbruksinteresserte ungdommar i Nordfjord!

Vi har **30 plassar** tilgjengelege for kun kr 250,-, så her er det fyrst til mølla prinsippet!

# Bindande påmelding innan: Torsdag 3. september

til Silje Åsnes Skarstein

**e-post : skarsteinsilje@gmail.com, sms tlf.:97112356**

Arr.komite for landbruksinteressert ungdom i Stryn:

Rolf Olav Gjørven,Silje Åsnes Skarstein, Knut Olav Øvreeide, Torill Nina Midtkandal